



Arkivnr: 2017/1326-208

Saksbehandlar: Tone Stedal Haugland

## Unnateke offentliggjeriing OFFL § 26, 2. ledd

### Saksframlegg

#### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		25.10.2017

## Tildelingar Hordaland fylkeskommune sine kunstnarstipend 2017

### Samandrag

#### Føremål med ordninga:

Kunstnarstipenda skal gje kunstnarar høve til ein periode med fordjupning og / eller fagleg påfyll.

Gjennom Regional kulturplan PREMISS : KULTUR har Hordaland fylkeskommune utarbeidd ein tydeleg politikk for det profesjonelle kunstfeltet. Innsatsområde 27 Kunstløft - det profesjonelle kunstfeltet har følgjande mål: Vilkåra for kunstproduksjon, visning/framføring og formidling av kunst i heile fylket skal styrkast. Regionen skal ha eit berekraftig og levande kunstliv med komplette verdikjeder.

<b>Generelt:</b>	
Budsjett 2017	225 000 kroner
Søknadsfrist 2017:	1.juni
Vedtak kriteria:	<a href="#">KIRU den 10.5.2016, PS 75/2016</a>
Kriteria og informasjon om ordninga:	<a href="#">Informasjon på hordaland.no</a>

<b>Fordeling 2017:</b>	
Tal på søknadar:	184
Tal på søknadar som er tilrådd støtte:	
Arbeids- og fordjupningstipend á 50 000 kr	2
Reise- og kompetansehevingsstipend á kr 25 000	5
Tilrådd fordeling:	225 000 kroner

### Fylkesrådmannen sine overordna kommentarar til innstillinga:

Ved søknadsfrist 1. september var det motteke 184 stipendsøknader.

Det er stor variasjon i stil, sjanger og alder mellom søkjarane. Som tidlegare år er det flest søkjarar innan visuell kunst. I år er musikk nr. 2 i høve søkjartal. Søkjarar som har eit tverrfagleg kunstnarleg virke er blitt vurdert av ulike fagkomitear (9 søknader). Den store søkjarmengda i forhold til tilgjengelege stipend syner eit stort behov for slike midlar. Dei aller fleste søkjarane var godt kvalifiserte og mange fleire enn dei innstilte kvalifiserte til stipend.

For å få tildelt stipend må ein vere profesjonell, utøvande kunstnar busett i Hordaland. Det vert ikkje gitt støtte til personar som er under utdanning. Eit av arbeidsstipenda (på 50 000 kroner) skal gå til ein kunstnar i etableringsfasen.

Det er jf vedtak i KIRU PS 75/2016 etablert ein omfattande struktur av fagkomitear som har innstilt kandidatar til stipenda. Fagkomiteane har vurdert og innstilt inntil 4 søkjarar på grunnlag av ei skjønsmessig vurdering av kunstnarleg aktivitet og kvalitet. Fylkesrådmannen har ut i frå ei heilskapleg vurdering gjort ei samla innstilling til politisk handsaming. Fylkesrådmannen si vurdering legg stor vekt på med fagkomiteane sine innstillingar, og er i hovudsak i samsvar med denne.

Fagkomiteane har vore delte inn slik, med følgjande deltaking:

- Visuell kunst (inkl. kunsthåndverk og design): Bildende kunstneres forening Hordaland (2 medlemar), Norske kunsthåndverkere Vest-Norge, VISP og Kunst- og designhøgskolen i Bergen (ikkje meldt inn deltakar til stipendkomiteen).
- Musikk: Brak, Vestnorsk Jazzsenter, Griegakademiet, Bergen filharmoniske orkester, Hordaland fylkeskommune – seksjon for kunst- og kulturformidling.
- Scenekunst (inkl. dans): Proscen, BIT teatergarasjen, Vestlandske teatersenter, Høgskolen i Bergen – Senter for kunstfag, kultur og kommunikasjon.
- Litteratur og film: Norsk forfattersentrum Vestlandet, Vestnorsk Filmsenter, Skrivekunstakademiet.

**Økonomi:** Tildelinga er i samsvar med budsjett. Tilskotsordningar på kulturfeltet er eit økonomisk verkemiddel og står sentralt i den regionale kulturpolitikken til Hordaland fylkeskommune.

**Klima:** Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at dei omsøkte tiltaka har monaleg klimaavtrykk.

**Folkehelse:** [Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle](#): Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

**Regional planstrategi:** Tilskotsordninga er eit av verkemidlane for å følgje opp viktige satsingar i Regional kulturplan 2015-2025 PREMISS: KULTUR .

### Forslag til vedtak

1.	<p>Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtek å tildele 2 arbeids- og fordjupingsstipend, kvart på kr 50 000, til:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Marie Amdam f. 1991 - musikk</li> <li>• Nina Knag, f.1984 - film</li> </ul> <p>Løyvinga utgjer totalt kr 100.000 frå konto 10.400.720.</p>
2.	<p>Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtek å tildele 5 reise- og / eller kompetansestipend, kvart på kr 25.000, til:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• David A. Rios (f. 1983) – visuell kunst</li> <li>• Inger-Kristine Riber (f. 1982) – musikk</li> <li>• Kamilla Sajetz Mathisen (f. 1976) - visuell kunst (kunsthåndverk)</li> <li>• Roskva Yasmin Andersen (f. 1990) - scenekunst</li> <li>• Thor Soltvedt – (f. 1955) - litteratur</li> </ul> <p>Løyvinga utgjer totalt kr 125.000 frå konto 10.400.720.</p>

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

- 1 Oversikt over søknader til Hordaland fylkeskommune sine kunstnarstipend 2017
- 2 Oversyn over tildelte kunstnarstipend Hordaland fylkeskommune 2007 - 2016

## Fylkesrådmannen, 10.10.2017

Hordaland fylkeskommune har til rådvelde 5 reise- og/eller kompetansehevingsstipend á 25 000 kroner og 2 arbeids- og fordjupingsstipend á 50 000 kroner.

Talet på søkjarar til Hordaland fylkeskommune sine kunstnarstipend har lagt på omlag hundre dei tidlegare åra, med ein stor auke i fjor med 215 søkjarar. I år var det ein liten nedgang, med 134 søkjarar, der mange av søkjarane har sendt inn søknader til to ulike stipendtypar. Dette syner at det framleis er eit stort behov for kunstnarstipend. Det er noko ujamt korleis søkjarane fordeler seg i forhold til dei ulike kunststartane. Kjønnfordelinga mellom søkjarane er 70 kvinner og 65 menn. Søknadene fordeler seg slik på dei ulike kunststartane:

- Visuell kunst: 69 søknader
- Musikk: 48 søknader
- Scenekunst (inkludert dans): 17 søknader
- Litteratur og film: 38 søknader
- Andre kunststartar/tverrkunstnarleg: 9 søknader (vurdert i to relevante fagkomitear)

Liste over søkjarane og søknadane er vedlagt saka, samt ei liste over dei som har fått tildelt kunstnarstipend dei ti siste åra (2007 – 2016).

### Bakgrunn

Som ei følgje av Regional kulturplan 2015-2025, PREMISS: KULTUR, har Hordaland fylkeskommune i 2015/16 hatt ei gjennomgang av tilskotsordningane på kultur- og idrettsfeltet. Dette gjeld også kunstnarstipenda. Kulturplanen inneber ei sterkare satsing på det profesjonelle kunstfeltet, både når det gjeld institusjonane og det frie, profesjonelle feltet.

Hordaland fylkeskommune vil ha breitt samansette komitear (med representasjon frå ulike organisasjonar), m.a. for å sikre at ulike kunstsyn er representert. Dette gir ein kombinasjon av «fagfellevurdering» og vurderingar frå meir institusjonelle organ.

Undersøkingar visar at kunstnarstipend har størst tyding for unge kunstnarar / kunstnarar i etableringsfasen. Denne fasen er i endå høgare grad enn elles, i kunstnarane sitt yrkesliv, økonomisk usikker. Relativt små midlar kan gjere ein forskjell. I tillegg gir eit stipend også anerkjening og merksemd til ein kunstnar i startfasen. Difor er det vedteke at eitt av dei to arbeidsstipenda skal tildelast ein kunstnar i denne fasen, og det vart sett til at denne kunstnaren må vere under 40 år.

I tillegg til dei kunstnarstipenda som vert handsama i denne saka, etablerte Hordaland fylkeskommune i 2016 nye stipend innan folkemusikk og –dans. Desse vart handsama i Utval for kultur, idrett og regional utvikling 13.9.2017, jf. PS 118/2017.

### Evaluering av ordninga

Då dagens ordning vart etablert, vart det bestemt at ho skulle evaluerast etter 2 år. På bakgrunn av dette vert det ei kort oppsummering på korleis ordninga har fungert og kva utfordringar me har sett so langt.

Ved etablering av dei ulike fagkomiteane, har me ikkje lukkast fullt ut med å få medlemmar frå alle institusjonane som var invitert til å delta. Dette kan ha fleire årsakar, men det er gjerne stort arbeidspress i eigen organisasjon som er hovudgrunnen til dette.

Vår erfaring i dag er at det nettbaserte søknadssystemet til Hordaland Fylkeskommune ikkje har fungert tilstrekkeleg hensiktsmessig i høve handtering av søknadsmengda og all dokumentasjon som søkjarane har sendt inn. Det er også utfordringar når det gjeld å gje eksterne komitémedlemmar tilgang til dokument. Komitéarbeidet har i stor grad vore konstruktivt og det har vore for det meste vore gode prosessar fram til innstilling.

### **Habilitetsspørsmål**

I fagkomite for Musikk vart det meldt eit habilitetsspørsmål i forkant av fagkomitémøtet. Dette vart løyst med å få ein vara for vedkommande som var inhabil.

I fagkomitémøtet for Visuell kunst kom det fram eit habilitetsspørsmål undervegs i prosessen med å gjennomgå søknadane til «Reise og kompetansehevingsstipend». Ved nærare avklaring kring habilitetsspørsmålet vart eit av fagkomitémedlemmane kjent ugild etter forvaltningsloven § 6 andre ledd. Dette vart samrøystes vedteke med tre røyster. Fagkomitémedlemmen fekk ikkje delta i den vidare prosessen med utveljing og rangering av kandidatane som skulle innstillast og forlèt møtet. Den siste og avgjerande prosessen med utveljing og innstilling vart teken av dei tre siste fagkomitémedlemmane.

Ein ser av dette at det for ettertida må etablerast klåre rutinar for å få avklara habiliteten til fagkomitémedlemmane så tidleg som mogleg og i god tid før fagkomitémøta.

### **Vurdering av søknadane**

I samsvar med retningslinene vart søkjarane vurderte av fagkomitéar. Alle komiteane innstilte inntil fire kandidatar innan dei ulike stipendtypane med skriftleg grunngjeving. Partane i saka har innsynsrett i den fullstendige grunngjevinga. Organisasjonane var svært positive til å delta i komitéarbeidet, og deira representantar har gjort ein grundig og god jobb i komitéane.

Fylkesrådmannen har teke den heilskaplege vurderinga og samansetninga av denne samla innstillinga som vert lagt fram til politisk handsaming. Fylkesrådmannen har følgd rangeringane i komiteane sine innstillingar, og sett saman stipendmottakarar ut frå m.a. søkjartal innan dei ulike sjangrane og kunstfagleg breidde. Omtalane av kandidatane som følgjer er sitat frå komitéane sine innstillingar.

### **Følgjande to kandidatar er innstilt til Hordaland fylkeskommune sine arbeids- og fordjupingsstipend 2017 (2 stipend á 50 000 kroner):**

#### **Marie Amdam f. 1991 - musikk**

Sjølv om «Razika» har feira 10-årsjubileum i år, er Marie Amdam fortsatt ein ung utøvar og i «startgropa». Marie er vokalist, gitarist, låt-skrivar og tekstforfattar for «Razika». Komiteen ønskjer ei vidare utvikling av det særpreget ho bidrar til i bandet, både musikalsk og tekstleg. Samtidig ønskjer vi at dette skal vere ei verdsetjing av kunstnarleg utvikling og virke gjennom fleire år.

«Razika» spelar ein frisk og fengjande pop som appellerer til dei fleste aldersgrupper. Marie er ein stor scenepersonlegdom, både i ord og tonar. Ho har ei tydeleg og artikulert stemme i musikkmiljøet.

Gjennom eit mentor-program (i regi av Music Norway og BRAK) er ho opptatt av kvinner sine føresetnader i musikkbransjen, og ho jobbar for å løfte fram unge, kvinnelege musikarar.

Marie er ein viktig rollemodell og til stor inspirasjon for andre.

Eit arbeidsstipend vil gi økonomisk armslag under ein periode med utforsking av nytt tekst- og låt-materiale.

#### **Nina Knag, f.1984 - film**

tildeles arbeidsstipend fra Hordaland fylkeskommune 2017. Hun vil bruke stipendet til fordypning ved Ivana Chubbuck studio i Los Angeles. Formålet er å gå i dybden i skolens regi-og skuespillerteknikk-metode. Ivana Chubbuck er en av verdens mest anerkjente skuespiller-coacher og har undervist en rekke Hollywood skuespillere og regissører. Nina Knag vil få mulighet til å teste ut ulike scener i manuset "Søsken" sammen med skuespillere og instruktøren. Nina Knag en talentfull regissør som står på spranget til å få produsert sin første spillefilm. Prosjektet «Søsken» har fått manusstøtte fra Vestnorsk filmsenter og fra Norsk filminstitutt. Hennes kortfilm «Du kan ikke hjelpe alle» har vært vist på en rekke festivaler og mottatt flere priser. I denne filmen viser hun tydelig sitt talent for personinstruksjon, noe hun ønsker å videreutvikle og fordype seg i ved hjelp av arbeidsstipendet.

**Følgjande fem kandidatar er innstilt på Hordaland fylkeskommune sine reise- og kompetansehevingsstipend 2016 (5 stipend á 25 0000 kroner):**

**David A. Rios (f. 1983) – visuell kunst**

bor og arbeider i Bergen, der han også ble uteksaminert med Master of fine Arts i 2009. Hans kunstneriske arbeider utforsker ulike ideer på en særegen måte der både materialet og teorier blir diskutert. Rios har de senere år jobbet med stadig større produksjoner og vist sine arbeider både nasjonalt og internasjonalt. Med utgangspunkt i en stadig økende utstillingsvirksomhet og sin særegne kunstneriske stemme ønsker vi å nominere Rios til HFK reisestipend.

**Inger-Kristine Riber (f. 1982) – musikk**

Inger-Kristine Riber er ein dyktig pianist som beveger seg naturleg mellom den klassiske musikken og samtidsmusikken. I tillegg har ho markert seg som komponist og arrangør. Ho er ein ressursperson med stor kompetanse fordelt på mange felt. Ho er særdeles initiativrik, og ho var m.a. prosjektleder for KulturFjorden. Her var et særleg fokus å skape gode møteplassar som medverkar til at born og unge kan vere aktivt deltakande i utforming av kunst- og kulturuttrykk i samarbeid med profesjonelle kulturarbeidarar. Reisestipendet skal nyttast i samband med at ho er invitert som festivalkunstnar til de nordiske vekene i St. Petersburg i september/oktober 2017. Her har ho mogelegheit til å halde ein solokonsert med norsk musikk, samt vere solist i Geirr Tveitt sin første pianokonsert med orkester. Det er i regi av Det norske generalkonsulatet og Nordisk Ministerråd.

**Kamilla Sajetz Mathisen (f. 1976) - visuell kunst (kunsthåndverk)**

har BA i keramikk og MA i kunst ved Kunst- og designhøgskolen i Bergen. Hun har deltatt ved en rekke utstillinger i innland og utland. Har påtatt seg utsmykninger og vært medkurator ved flere utstillinger. Hun utmerket seg hos juryen med interessante arbeider og et potensiale til å nå langt. Hun ønsker å bruke et reisestipend til en studietur til Jingdezhen i Kina for å undersøke mulighetene for å produsere større keramiske installasjoner. På reisen vil hun ha med seg kunstner Lin Wang som er oppvokst i Kina og som har godt kontaktnett i området.

**Roskva Yasmin Andersen (f. 1990) - scenekunst**

Andersen er danseutdannet med hovedvekt på kreativt dansearbeid, samtidsdans og pedagogisk kompetanse i fagligheten. Hun er allerede del av et bergensk dansemiljø og har vist initiativ og bidrag til miljøet, i form av visninger av koreografi og i oppdragsarbeid av dans for og med barn og unge.

Hennes koreografiske nysgjerrighet er i en undersøkelsesfase, for utvikling av kunstnerisk distinksjon, hvor faglig utveksling og kunstneriske utfordringer er viktig, noe hun selv virker til å forstå.

Hun har ambisjoner som er strukturerte med god forståelse for formidling og dokumentasjon, bla med vimeo.com informasjon om den kunstneriske aktiviteten. Hennes veiledere er på profesjonelle nivå, kunstnerisk og teknisk, bla norskbaserte personer som x-CB dansere Marianne Kjærund og Yaniv Cohen. Hun er uredd med å oppsøke krevende miljøer og situasjoner.

Andersen ønsker å nytte en tildeling bla for å reise til og delta i den internasjonalt kjente dansefestivalen Impulz Tanz, en lærings- og faglig utvekslingsarena også egnet for utstrakt nettverking. Det anbefales at Andersen gis sjansen til kompetanse-økningen.

**Thor Soltvedt – (f. 1955) - litteratur**

Søker reise og opphold i Glasgow og Edinburgh i Skottland i samband med research til en ungdomsroman om fotball og homofil forelsking. Han har siden debuten utgitt 12 bøker for barn og unge, og 3 utgivelser for voksne. Soltvedt har alltid hatt stor formidlingsevne til alle typer lesere og særlig ungdom som er lesesvake. Hans arbeid med utgivelser rettet mot denne målgruppen er beundringsverdig, bøkene tar opp viktig tema for barn og unge.